



---

## Notat

---

Til: Ingvild Hjelmtveit

Kopi til:

Saksbehandler: Tenesteområde Kultur/Bente Bing Kleiva

Vår referanse: 16/608 - 1 /

Dato: 29.02.2016

---

### Emne: Felles biblioteksjef Lindås Meland

Biblioteka i Lindås og Meland har frå 2013 samarbeidd om prosjektet *Praksisfellesskap, to bibliotek ein struktur*. Prosjektet legg opp til deling av bokstamma i fag- og skjønnlitteratur, fagspesialisering av personalet, felles rutinar og fastare samarbeid mellom biblioteka.

Når biblioteksjefen i Meland går av med AFP er det naturleg å sjå på leiarstrukturen mellom biblioteka. Lov om Folkebibliotek opnar for å ha felles biblioteksjef/driftsfellesskap §4 . Etter samtale med Svein Arne Tinnesand i Nasjonalbiblioteket, seier han at dei oppmuntrar kommunar der det er vanskeleg å få biblioteksjef, til å lage permanente avtalar mellom kommunane om felles biblioteksjef. Sidan det er mogeleg at vi står framfor ei kommunesamanslåing hadde Tinnesand inga merknader til om ein ønskte å gjere denne avtalen midlertidig/ eventuelt fram til 2020.

Saka har og vert drøfta med fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholt som synest dette er ein god tanke. Ho synest 20% stilling ar svært lite då det faktisk tek 50% av arbeidstida for det er mykje planlegging, møte, administrasjon osb. som og må gjerast.

I ein slik avtale er det viktig å avklare arbeidsmengde, forventningar til yting og kor mykje av tida skal biblioteksjefen vere fysisk tilstade på Meland bibliotek.

I Hordaland er det Granvin og Ulvik som har felles biblioteksjef. Det er Ulvik som har stått for tilsetjinga og det er laga ei samarbeidsavtale mellom desse kommunane. ( Har bede om kopi av denne 29.2.16)

Elles er det Tønsberg og Nøtterøy som har hatt felles biblioteksjef i svært lang tid.

Personalet på Meland bibliotek er positive til ei slik ordning.

Helsing

Bente Bing Kleiva

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Kopi til:**

«Sdk\_Adr»

«Sdk\_Postnr»

«Sdk\_Poststed»